# Avgangsinformasjon

for kollektivtrafikken i Vestland

*Ei teneste levert av Skyss*

Skyss tilbyr ei løysing der alle som ønsker det, enkelt kan vise avgangsinformasjon på skjerm eller nettside.

Du vel sjølv kva haldeplassar og linjer som skal visast. Visninga blir tilpassa PC, telefon, nettbrett, TV-skjerm eller storskjerm.

For at teksten skal bli lettast mogleg å lese, kan du velje mellom to alternativ for fargar på tekst og bakgrunn. Kryss av for om omgivnadene er mørke eller lyse der skjermen er plassert.




Skyss leverer løysinga med oppdaterte rutetider, og ho er gratis å bruke og tilgjengeleg for alle. Har du spørsmål om løysinga, kan du nytte kontaktskjemaet på Skyss.no, men vi kan ikkje betena tekniske spørsmål.

Skyss har ikkje ansvar for eventuelle feil i avgangsinformasjonen eller i løysinga.

SLIK SET DU OPP LØYSINGA

- Følg peikar: [avgangsvisning.skyss.no](avgangsvisning.skyss.no)

Vel ein eller fleire haldeplassar.

Du kan òg klikke på kartsymbolet og velje haldeplass frå kartet.

Gje visinga eit namn Dette blir overskrift på skjermvisinga.




Vel om du vil ha statisk eller rullerande vising.

For at teksten skal bli lettast mogleg å lese, kan du velje mellom to alternativ for fargar på tekst og bakgrunn.

Klikk **LAG URL** når du er ferdig å fylle ut felta.




Her ser du førehandvising. Ved å klikke «Vis sanntidsskjerm» ser du korleis resultatet vert på heile skjermen.

Kopier url-adressa til ein nettlesar, og løysinga er klar!